

Vår ref.:
24/01559-12

Dato:
19.06.24

Referat frå IDF-møte

Tid: 12.06.2024 kl 13.00-15.00 på Zoom

Til stades:

Frå tenestemannsorganisasjonane:

Gjert Anders Askevold, Forskerforbundet (FF)

Jan Ove Mjånes, Akademikerne (AK)

Tone Skjerdal, NTL/LO-stat

Karl-Eric Melander, Parat/YS-stat

Forfall: Karin Bell, Hovudverneombod

Frå arbeidsgjevar:

Tage Båtsvik, Organisasjonsdirektør

Anette Fristad, Avdelingsleiar

Anette Undheim, Seniorrådgjevar

Linn Melby Meyer, Seniorrådgjevar

Wenche Fjørtoft, Seniorrådgjevar

Torbjørn Heyerdal, Førsteamanuensis - deltok i sak 24/23

21/24 Informasjon frå organisasjonane

Akademikerne: Skal delta i nettverksamling for Tekna i Universitet og høgskular.

NTL: har vore på nettverksmøte for NTL for tillitsvalde som deltek i personalsaker. FO melder at dei kan bidra lite viss dei ikkje får dekka frávær etter § 38 Andre regler for tjenestefri.

FF: Har delteke i streik. Stiller spørsmål om studiestart kan utsettast noko.

Parat: Har deltatt på kurs og opplæring.

Arbeidsgjevar stiller spørsmål om korleis flytteprosessen på Kronstad har gått:

FF: det er tilbakemelding om noko logistiske problem og noko diskusjonar mellom tilsette som må dele kontor. Leiarar må vere tett på og høyre korleis det går, ha omsorg for tilsette og snakke med dei.

AK: stort sett så har flytteprosessen gått fint. Tillitsvalde har snakka med dei tilsette og førebudd dei. Det har vore små episodar som har løyst seg.

22/24 Informasjon frå vernetenesta::

- Det har vore verneombodssamling 4 og 5 juni – med 3 tema: ARK, Sikkerheit og beredskap og AKAN. Ein del forfall pga. streik og anna.
- Systematisk HMS ved HVL er noko vernetenesta jobbar for, der særleg HMS- handlingsplan og systematikk i HMS arbeidet i spesialrom er sett fokus på.
- Informasjon ved endringar i smått og stort er viktig for trivsel og arbeidsmiljø – noko som stadig blir gjentatt, men som er viktig.

23/24 Informasjon frå arbeidsgjevar

- Det vert arbeidd med å lage budsjettinnspel til prosjektet omstilling og dimensjonering av støttefunksjonar
- Det vert arbeidd med den økonomiske situasjonen knytt til studieportefølje
- Vi er spente på avklaringar av lønsoppgjøret og vil jobbe med revidering av lønspolitikken
- Ny UH-lov frå 1.08.24 krevst at vi må lage nye retningsliner og gå gjennom personalreglementet
- Det vert jobba med handlingsplan for HMS og retningsliner for spesialrom og kjemikaliehandtering saman med vernetenesta
- Vi vil setje saman arbeidsgruppa som skal følgje opp retningslinene for heimearbeid

24/24 Orientering om omstillingsprosessane:

Prosjekt Etter og vidareutdanning, eksterne inntekter:

Torbjørn Heyerdal orienterte om status i prosjektet. Saka skal handsamast i Toppleiinga og følgast opp vidare.

25/24 Føring av tillitsvaldsarbeid i TE plan, skriftleg svar frå arbeidsgjevar

Arbeidsgjevar forklarte innhaldet i skrevet.

Sak 26 /24 Spørsmål frå NTIL om søknad om ferie

NTL: Det har skapt uro og ekstraarbeid knytt til nye retningsliner om søking av ferie. Tillitsvalde oppfatta ikkje at dette var konklusjonane på drøftingsmøtet vi hadde. Det urimelege er at ein må søkje om uttak av heile ferie i løpet av april. Dette er ikkje føremålstenleg. Det er behov for å innskjerpe dette i høve tidlegare. Rimeleg at ein skal søkje innan 15. april for hovudferien, men ikkje for resten av ferien.

Arbeidsgjevar: Implementeringa kom litt tett på søking av ferien denne gongen. Det viktigaste er at alle må få eit aktivt forhold til uttak og registrering av ferien. Det manglar vi i dag. Tilsette og leiar må ha ein dialog om ferien og vi bør evaluere korleis dette går.

Akademikerne: Det kan vere ting vi ikkje har tenkt på og som dukkar opp viss ein ikkje søker om ferie og tek ut ferie, som til dømes forsikring viss noko skulle skje den tilsette.

Arbeidsgjevar: Det er eit problem viss ferien ikkje er registrert og ein tek ut ferie. Det ein har til gode av ferie blir då feil.

NTL oppmodar om at arbeidsgjevar speler på lag med tillitsvalde når ein skal formidle saker ut i organisasjonen.

27/24 Registrering av fråvær for vitskapleg tilsette NTL

NTL ber om at arbeidsgjevar oppmodar tilsette om å føre fråvær (eigenmeldingar, sjukt barn, velferdspermisjon mm) i DFØ-appen, og vise fram at dette er eit verkty som er til hjelp ved legitimt fråvær.

28/24 Starta og slutta i HVL

Saka er lagt ut til skriftleg orientering i Teams.